

## PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

**STAD:**                    Haugesund sjukehus  
**MØTETIDSPUNKT:** 04.04.18 kl. 13.00 – 16.00

**Styremøte var ope for publikum og presse**

---

### DELTAKARAR FRÅ STYRET

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Gunnar Birkeland	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Olav Akselsen	Medlem
Kristin Skorpen	Medlem
Helge Espelid	Medlem
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Tove Martha Callaghan	Medlem

### DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerande direktør
Ingebjørg Kismul	Administrasjonssjef
Margareth H. Langebro	Kommunikasjonssjef

**SAKLISTE**

Sak 15/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak 16/18	Godkjenning av protokoll 07.03.18	Vedlagt
Sak 19/18	Styret si årsmelding og årsrekneskap for 2017	Vedlagt
Sak 20/18	Rapport frå verksemda	Vedlagt
Sak 21/18	Styringsdokument Helse Fonna 2018	Vedlagt
Sak 22/18	Fullmakter i utbyggingsprosjekt	Vedlagt

**UNDERLAG**

Lukka sak

Lov om helseføretak § 26a 4.ledd

Sak 25/18 Forhandlingsfullmakt for lønnsoppgjeret 2018

Saker til orientering

Sak 17/18	Administrerande direktør si orientering	
Sak 18/18	Årsmeldingar 2017 frå pasient og brukaromboda i Hordaland og Rogaland	Vedlagt
Sak 23/18	Utviklingsplan Helse Fonna HF	Vedlagt
Sak 24/18	Eventuelt Skriv og meldingar	Vedlagt

---

**Sak 15/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Styreleiar ønskte velkommen til Olav Akselsen som nytt styremedlem i Helse Fonna. Styremedlemmene presenterte seg.

Administrerande direktør meldte ei sak til Sak 17/18 Administrerande direktør si orientering punkt 8, Sak om patologi

**Vedtak [samrøystes]**

Innkalling og dagsorden ble godkjent

**Sak 16/18 Godkjenning av protokoll frå styremøte 07.03.18**

## Vedtak [samrøystes]

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte 07.03.18

### Sak 17/18 Administrerande direktør si orientering

#### OPE DEL

##### 1. Oppfølging av avvik som ledd i kontinuerleg forbetring

Seksjonsleder spesialisert behandling i klinikk for psykisk helsevern Haugesund, Heine Hagenberg, orienterte om erfaringar, tiltak og oppfølging av avvik som ledd i kontinuerlig forbetring i klinikk for spesialisert behandling Haugesund.

##### 2. Ny spesialistutdanning for legar

Leiar i utdanningsutvalet i Helse Fonna, overlege Andreas Andreassen orienterte om ny utdanningsmodell for legespesialister. Det ble informert om helseføretaka sine oppgåver knytt til utdanningsmodellen og om organisering, framdrift og gjennomføring i samarbeid med regionalt utdanningssenter (RegUt).

##### 3. Regionalt prosjekt for kreftkirurgi og annan elektiv kirurgi

Fagdirektør Haldis Lier orienterte om målet for det regionale arbeidet.

- Tilrå ny funksjonsfordeling for kreftkirurgi i Helse Vest basert på rapporten «Kreftkirurgi i Norge» IS-2284
- Vurdere konsekvensar for heile pasientforløpet ved å flytte kirurgi og beskrive tiltak for å sikre gode overgangar mellom føretaka.
- Sikre tiltak for god utnytting av samla kirurgikapasitet i regionen.  
Fonna vil:  
Behalde ein desentralisert sjukehusstruktur-med god kvalitet  
Fokus på kva som er best for pasienten.  
Fagfolk som arbeider saman for å sikre gode og nære tilbod.  
Å sjå heilheit for alle fagområde.  
...behalde kreftkirurgi.

##### 5. Tilsynssaker

Administrerande direktør viste til vedlagt notat

##### 6. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrerande direktør viste til vedlagt notat

##### 7. Lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrerande direktør viste til vedlagt notat

Lukka del

#### **4. Bygg Haugesund**

Lukka, jf. Helseføretakslova § 26a, 2. ledd punkt 2

Prosjektdirektør orienterte om organisering ByggHg2020, prosjektstyring, økonomi og framdrift. Prosjektstyringssystem for ByggHg2020 er utarbeidd. Det blei informert om prosess for forhandlingar for B02.

#### **8. Sak om patologi**

Lukka etter Helseføretakslova § 26a, andre ledd, punkt 2

Adm. dir. orienterte om sak som er på eit førebauende stadium, og korleis den blir følgt opp

#### **Vedtak [samrøystes]**

Styret tek meldingane til orientering

#### **Sak 18/18 Årsmeldingar 2017 frå pasient og brukaromboda i Hordaland og Rogaland**

##### **Oppsummering**

Pasientombod i Rogaland, Gro Snortheimsmoen Bergfjord, presenterte årsrapport frå pasient og brukarombodet i Hordaland og Rogaland.

#### **Vedtak [samrøystes]**

Styret tar årsmeldingane frå pasient og brukaromboda i Hordaland og Rogaland 2017 til orientering

#### **Sak 19/18 Styret si årsmelding og årsrekneskap for 2017**

##### **Oppsummering**

Partner, Leder Revisjon Stavanger, Ellen Marie Marvik i BDO AS presenterte oppsummering av årsoppgjøret 2017. Revisor overleverte ei rein revisorberetning 2017 til styreleiar etter vedtak.

Styret og revisor gjennomførte eit lukka møte etter behandlinga av årsrekneskapet.

#### **Vedtak [samrøystes]**

1. Styret i Helse Fonna HF godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2017

2. Styret i Helse Fonna HF godkjenner erklæring om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette, inkludert retningsliner for fastsetting av løn og godtgjersle, jamfør note 6 i årsrekneskapen

## **Sak 20/18 Rapport frå verksemda**

### **Oppsummering**

Resultatet for perioden syner eit overskot på 1,2 millionar kroner mot eit budsjettert overskot på 4,4 millionar kroner. Dette gir eit negativt budsjettavvik på 3,2 millionar kroner. Akkumulert er overskotet på 5,5 millionar kroner, som er 3,2 millionar kroner lågare enn budsjettert.

Dei aktivitetsbaserte inntektene syner for perioden eit negativt budsjettavvik på 4,3 millionar kroner.

Personalkostnadane inkludert inn leige av personell frå byrå viser denne månaden eit overforbruk på både fast lønn og variabel lønn.

Varekost er 1,2 millionar kroner lågare enn budsjettert.

### **Aktivitet og kvalitet**

Poliklinisk og ambulant aktivitet i Klinikk for Psykisk helsevern er på plan for årets to første månader.

I somatisk klinikk Stord, ligg døgnopphald 3% (17 opphald) bak plan. For dagopphald, samla medisinsk og kirurgisk, ligg ein akkurat på plan. I februar månad er det utført færre polikliniske konsultasjonar enn planlagt, hittil i 2018 er det likevel som planlagt.

I Kirurgisk klinikk, Haugesund sjukehus er døgnopphalda 6% høgare enn planlagd. Dagopphalda er 4% bak plan medan talet på polikliniske konsultasjonar var 2% over det planlagde.

I Medisinsk klinikk har aktiviteten vore lågare enn planlagd. 3% lågare for døgnopphald, 25% lågare for dagopphald og 4% lågare i poliklinikkane. Odda sjukehus utpeikar seg med låg aktivitet. Heile 16% lågare døgnopphald. Det har vore 95% belegg i sengene i Haugesund og 54% belegg i Odda.

### **Ventetid**

Ventetid behandla er innanfor regionale målkrav for BUP Stord, men ikkje for BUP Haugesund. I forhold til nasjonale målkrav er både BUP Stord og BUP Haugesund innanfor målkrava.

Når det gjeld TSB og VOP er ein innanfor dei regionale målkrava for ventetid behandla klinikken sett under eitt. HDPS innfrir ikkje dei regionale målkrava for VOP-feltet.

Samla ventetid for Somatisk klinikk Stord, har vore stabilt lågare siste halvår. Denne trenden held fram også i 2018. I februar er samla ventetid på 45,8 dagar.

I Kirurgisk klinikk er ventetid for behandla rett i overkant av 60 dagar. Dei ventande har ei gjennomsnittleg ventetid på 53 dagar.

Medisinsk klinikk har 61,5 dagar i gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar. Barneavdelinga har lågare ventetid enn gjennomsnittet, medan Odda sjukehus har høgare ventetid.

### **Fristbrot**

Klinikk for psykisk helsevern har ingen fristbrot i februar.

Somatisk klinikk Stord har over tid jobba systematisk med tiltak for å redusere fristbrot, dette viser også på resultata. Førre månad var det 1 fristbrot, i februar er det 7 fristbrot for ventande og 24 for behandla. Klinikken følger opp tett både med tiltak og kontroll. Det er dei indremedisinske faga som har fristbrot i februar.

Kirurgisk klinikk har i februar 8 registrerte fristbrot for ventande.

Medisinsk klinikk har 17 fristbrot for ventande i februar og 25 fristbrot for behandla. 8 av fristbrota er ved barneseksjonen.

Det er systematisk arbeid i alle klinikkar med oppfølging av ventelister og planlegging av ressursar.

### **Korridorpasientar**

Somatisk klinikk Stord, har i februar i gjennomsnitt hatt 1,1 pasient på korridor pr. dag.

I Kirurgisk klinikk har det vore høg aktivitet i februar. Talet på korridorpasientar er likevel lågare enn tidlegare. 0,8 pasientar har gjennomsnittleg lagt på korridor kvar dag.

I Medisinsk klinikk har i gjennomsnitt 5,9 pasientar opplevd å ligge på korridor kvar dag.

I februar var talet for epikrisar sendt innan 7 dagar på 81% totalt for Helse Fonna. Dette er ein liten oppgang frå førre månad. Kirurgisk klinikk ligg på same andel som førre månad med

### **Pasienttryggleik**

Det er ein større andel av pasientane i Helse Fonna som er vurdert med tanke på risiko for fall, trykksår og ernæring (trygg pleie) i februar 2018 samanlikna med desember 2017 og januar 2018. I Helse Fonna var det tendens til fall i andel pasientar som var vurdert med tanke på trygg pleie frå oktober 2017 til januar 2018. Klinikkane har prioritert tema i oppfølgingsmøter med seksjonar og einingar, og kvalitetsmedarbeidar i føretaket gir støtte til forbetningsarbeid. Det er framleis for stor variasjon mellom einingar i føretaket.

Helse Fonna har god måloppnåing (over 95%) når det gjeld registrert bruk av WHO si sjekklister for Trygg kirurgi.

Talet på registrerte kriseplaner i Psykisk helsevern er for lavt. Det vert arbeidd aktivt med å sikre at dei pasientane som er i behov av kriseplan får dette samt korrekt registrering i EPJ systemet for dei pasientane som har utarbeidd kriseplan.

Det har, både i januar og februar vore stort press på sengepostane i føretaket med mange pasientar som vart liggande utskrivingsklare i sjukehusa medan dei venta på eit tilbod frå heimkommunen. Talet på utskrivingsklare pasientar i februar var 98, det høgaste for denne månaden sidan Samhandlingsreforma tok til å verke i 2012.

Det er kommunane Haugesund, Stord og Karmøy som har dei fleste utskrivingsklare pasientane både i januar og i februar, om lag 75% av alle. Situasjonen har vore svært krevjande, og har også fått konsekvensar for planlagd verksemd. Det er gjennomført møter om utfordringa, og føretaket held fram med å ha dialog med dei kommunane det gjeld.

### **Medarbeidar**

Det samla sjukefråveret var 8,3 % i februar.

### **Uønska hendingar HMS/ansatteskarar i perioden**

I februar 2018 er det meldt 173 saker som gjeld HMS eller tilsettskarar. Det er ein stor auke frå fjoråret, då det vart meldt 75 saker som omfatta HMS eller tilsetteskarar. Dette handlar i hovudsak om betre meldekultur.

Klinikk for psykisk helsevern melder flest saker - klinikken har 65 saker som gjeld HMS/tilsetteskarar i februar.

Talet på saker som gjeld vald og truslar er aukande, med 76 saker i februar i år, mot 18 i fjor. I to av sakene er det meldt om uønskt åtferd frå pårørande.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning.

## Sak 21/Styringsdokument Helse Fonna 2018

### Oppsummering

Styringsdokument 2018 Helse Fonna HF ble vedteke i føretaksmøte 08.03.2018

Gjennom styringsdokumentet vil Helse Vest RHF gi helseføretaka ein mest mogleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2018. Styringsdokumentet skal klargjere dei premissane og rammene som gjeld for verksemda, og inneheld mål og dei resultatkrava som blir stilte til helseføretaka.

### Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tek styringsdokumentet for Helse Fonna HF 2018 til etterretning.

## Sak 22/18 Fullmakter i utbyggingsprosjekt

### Oppsummering

Byggeprosjektet ved Haugesund sjukehus har i 2017 gått frå tidlegfase til byggefase. Byggearbeida starta i januar 2018.

Administrerande direktør informerte styret i sak 6/18 om gjeldande fullmaktsregime for utbyggingsprosjektet for Haugesund sjukehus. Styret i Helse Fonna HF tok informasjonen til vitande.

Styret i Helse Vest RHF handsama i sak 40/18 ei sak om fullmakter i utbyggingsprosjekt. Administrerande direktør vurderer at det noverande fullmaktsregimet varetok momenta i Helse Vest si styresak bortsett i frå punktet om at kontraktar over 300 MNOK skal leggjast fram for styret for godkjenning før signering. Prosjektdirektør i Helse Fonna har pr. i dag fullmakt inntil 100.000 kroner. Styret i Helse Fonna har tatt stilling til enterprise- og kontraktsstrategi, og har i sak 6/18 tatt til vitande rapportering til styret i prosjektet. Administrerande direktør har i forkant av saka tatt kontakt med Helse Vest for å avtale rapportering til eigar i prosjektet.

Administrerande direktør vil halde styret i Helse Fonna løypande informert om status for arbeidet samt kvalitet, økonomi og framdrift.

Løypande rapportering til styret vil innehalde:

- Kort status om arbeidet
- Omtale av avvik og korrigerande tiltak ved eventuelle avvik i forhold til budsjett, framdriftsplanar eller kvalitet
- Oppdatert sluttprognose for fasen og totalprosjektet
- Spesielle problem og tiltak
- Brukarmedverknad, status og samarbeid



- HMS
- Informasjonsarbeid
- Hovudaktivitetar neste periode

### **Vedtak [samrøystes]**

1. Styret i Helse Fonna HF godkjenner fullmaktstruktur for utbyggingsprosjektet ved Haugesund sjukehus
2. I gjennomføringsfasen av utbyggingsprosjektet skal alle kontraktar over 300 millionar kroner leggast fram for styret i helseføretaket for godkjenning før kontrakt blir signert av administrerande direktør

### **Sak 23/18 Utviklingsplan for Helse Fonna HF**

#### **Oppsummering**

Som del av iverksettinga av Nasjonal helse- og sjukehusplan, Meld.St. 11 (2015-2016), skal alle helseføretak utarbeida utviklingsplanar. Planen skal utarbeidast i tråd med rettleiaren som Helse- og omsorgsdepartementet har fått utarbeida. Nasjonale føringar gjennom stortingsmeldingar og føreskrifter og føringar frå føretaksmøter skal leggast til grunn for arbeidet. Utviklingsplanen skal vidare utarbeidast i tråd med regionale føringar i Helse Vest sin strategi Helse 2035. Målsettinga er å legge til rette for god og framtidsetta pasientbehandling og god bruk av ressursar for å skape pasienten si helseteneste.

Styret i Helse Fonna har vedtatt mandatet for arbeidet med utviklingsplan. Status for arbeidet har vore orienteringssak i dei etterfølgjande styremøta.

#### **Administrerande direktør si tilråding**

Administrerande direktør tilrår at utviklingsplanen blir sendt på høyring før endeleg handsaming. Administrerande direktør planlegg at styret i Helse Fonna HF får utviklingsplanen til handsaming på styremøtet 21.06.18. Etter at utviklingsplanen er vedtatt av styret vil klinikkane arbeide vidare med tiltak og handlingsplanar for dei einsskilte klinikkar og fagområda.

### **Vedtak [samrøystes]**

1. Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering
2. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør sende rapporten på høyring før endeleg handsaming . Høyringsfrist 18.05.2018

**Sak 24/18 Eventuelt**  
**Skriv og meldingar**

1. Årsplan for styret i Helse Fonna 2018
2. Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 14.12.17
3. Protokoll frå føretaksmøte i Helse Fonna HF 21.02.18
4. Protokoll frå føretaksmøte i Helse Fonna HF 08.03.18

Skriv og meldingar blei tatt til orientering.

**Lukka del**

**Sak 25/18 Forhandlingsfullmakt for lønnsoppgjeret 2018**

Unnateke offentlegheit jamfør Lov om helseføretak § 26a 4. ledd

**Vedtak [samrøystes]**

Administrerande direktør får fullmakt til å føre forhandlingar innan den økonomiske ramma som styret gjev.

Ref. Ingebjørg Kismul  
04.04.18

---

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
----------------------	------------

---

Brian Bjordal	Nestleiar
---------------	-----------

---

Hilde Brit Christiansen	Medlem
-------------------------	--------

---

Gunnar Birkeland	Medlem
------------------	--------

---

Solfrid Borge	Medlem
---------------	--------

---

Nina Budal	Medlem
------------	--------

---

Pål Osjord Midbøe	Medlem
-------------------	--------

---

Tove Martha Callaghan	Medlem
-----------------------	--------

---

Helge Espelid	Medlem
---------------	--------

---

Olav Akselsen	Medlem
---------------	--------

---

Kristin Skorpen	Medlem
-----------------	--------